

Vårt Lesebarometer

Slik bruker du det

Føremål:

Eit lesebarometer gjev eit visuelt mål på lesinga til elevane. Det skal skape motivasjon for lesinga og skape ei kjensle av fellesskap. Klassen arbeider saman, gjerne mot eit felles mål.

Førebuing:

Kopier opp så mange bokhylledelar du trur du treng. Klipp av kantane slik at dei passar saman. Bruk gjerne A3-format.

Kopier opp bokryggane, og klipp dei ut.

Kor mange du treng, er avhengig av kor fort klassen les, og kor lenge prosjektet skal vare. Lesebarometeret kan alltid utvidast undervegs i perioden.

Det kan vere lurt å laminere delane, slik at dei held seg betre og kan nyttast fleire gonger.

Kvar elev treng ei loggbok eller noko anna å notere i, slik at dei etter kvar leseøkt kan skrive ned kor mange sider dei har lese.

Vurder om klassen skal setje seg eit mål for kor mange sider dei skal lese.

Gjennomføring:

Forklar føremålet med lesebarometeret for elevane. Eventuelt kan de verte einige om mål for kor mange sider de skal lese, og kva tid registreringa skal stoppe.



Etter kvar leseøkt noterer elevane ned kor mange sider dei har lese den økta.

De kan til dømes registrere lesne sider kvar fredag, slik at elevane har tid til å samle opp fleire sider.

Læraren samlar då inn veketala frå kvar elev, legg dei saman og finn fram rett sum på bøkene som skal hengjast på hylleplakaten. Dersom elevane har lese 637 sider, kan ein velje éi på 500, éi på 100 og to på 20.

Sider læraren har lese i leseøktene, kan også reknast med i klassesummen.


Vårt Lesebarometer



LESEKVART+
















500 sider lest

500	500	500	500	500	500	500
Ronaldo Dahlsson	May O. Nes	Inge N. Strøm	Tom Skalle	Turid Skogen	Kjell T. Ringen	Reine Elgar
Erling og skumputefabrikken	Matpakketips	Spennig i kvardagen	Vegen ut av hjernetåka	Vi vandrar saman	Dirkebeinarane	Dårleg h jort

100 sider lest

100	100	100	100	100	100	100	100
Erling Braut-Handa	Rene Sansen	Mari Nert	Anna nass	Finn Frem	Maud Rite	Kato Drivme	Stina Gryn
Fotballskadar	Klabb og babb med måling	Gode sydenturar	Hata og feiltolka. Eg ringer ikkje	Mannen som vart borte i skogen	Sjarmen med tarmen	Null og niks	Hurra! Eg krasja Ferrarien min

20 sider lest

20	20	20	20	20	20	20	20	20
								
Henrik Ripsen	Trude Luth	Per Fekt	Tor Nado	Anne Dammen	Vegard Beider	Edel Gran	Jahn T. Loven	Lene Stolen
Solbærbuskar og andre buskevekstar	Songboka mi	Feilfri sverdkamp	Ekstremvêr verda rundt	Lof og gamle damer	Eit liv i refleksvest	Juletre gjennom tidene	Du skal ikkje tru du er noko	Kvifor kattar er vonde
